

Innkalling og referat – FAU-møte ved Klepp ungdomsskule

Dato og tid for møte: 2. nov. 22

Rom: Lærarrom

Møtte:

Klasse	Representant	Kryss av	Vararepresentant	Kryss av
8a	Sigve Meling	X		
8b	Hanne Bloch Valebjørg	X		
8c	Katrine Bryne Johnsen	X		
8d	Ola Sotnakk	X		
9a	Marilyn Paula Kristiansen	X		
9c	Geir Erik Ellefsen	X		
9d	Jon Petter Nordbø			
9b	Linda Øvrebø	X		
10a	Bent Horpestad	X		
10b	Rita Butterworth	X		
10c	Tove Borsheim Vagle	X		

Fråvere: Jon Petter Nordbø, rektor Sigurd Ravndal

22/23-6	<i>Godkjenning av referat sist møte</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: -	
Kva blei bestemt: - Referat vert godkjend	
Kven tek ansvar:	

22/23-7	<i>Trafikksituasjonen</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: - Farlege trafikksituasjonar om morgonen rundt skulen (Idrettsvegen og nærområdet, parkeringsplassen ved u.skulen). Politikontakten er invitert til å orientere FAU om korleis dei jobbar. Skal ha aksjon på skulen for å gjere folk meir medvitne. Sjå på om det kan setjast opp fysiske hinder for motoriserte køyretøy.	
Kva blei bestemt: - Snakke med frivilligsentralen om t.d. pensjonistar kan vere trafikkvakter på utsette stader. Invitere politikontakten til orientering. Kontakte barneskulen for samarbeid om trafikktryggleik.	
Kven tek ansvar: - Leiar kontaktar politikontakt og frivilligsentral, og Kleppe skule.	

22/23-8	<i>Juleball</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:	
<ul style="list-style-type: none"> - Rektor og leiar har snakka med Axis. Axis har eit eige juleball 16. des., men er villige til å leggje ned sitt arrangement for å leggje til rette for ungdomsskulen sitt juleball. Makstalet må vere lågare enn talet elevar på skulen pga. lokala. Sikre at uvedkomne ikkje kjem – sikre eit trygt og rusfritt arrangement. - Eit minus viss ikkje alle elevane kan kome. Det er stor avstand mellom makstalet på Axis og elevtalet. Ev. dele opp i tre arrangment, eitt for kvart trinn. - Avhengig av kompetente og disiplinerte vaksne. - Forslag om turnhallen eller idrettshallen. - Kan me heller ha nyttårsball? - Budsjett: sist stilte FAU kr 10.000 til disposisjon. Elevane betalar ein billettpris, men alle skal kunne kome uavhengig av økonomisituasjon. 	
Kva blei bestemt:	
<ul style="list-style-type: none"> - FAU ynskjer å arrangere ball, men at dette blir eit nyttårsball. Fredag 20. januar, kl. 19.30-23.30 på ungdomsskulen om mogleg. FAU og elevrådet er arrangør. Elevrådet blir invitert til neste FAU-møte for å presentere idéar for ballet. Axis er ynskt inn i arrangementskomité. 	
Kven tek ansvar:	
<ul style="list-style-type: none"> - Leiar kontaktar rektor og koplar på elevrådet. Tove B.V. sjekkar om Klepp turnhall er ledig som alternativt lokale. 	

22/23-9	<i>Natteramn</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:	
<ul style="list-style-type: none"> - Sak frå rektor. - Veldig stort område, frå Klepp stasjon til Bore skule/ungdomsskule. Vanskeleg å dekke. Natteramnane blir informerte om kvar ein bør gå. - Er det vanskeleg å rekruttere? Har vorte avlyst grunna for få oppmøtte natteramnar. - Stille krav i klassane om at foreldre/føresette må stille som natteramn. - Fordele vakter på foreldremøte – foreldrekontaktane må ta dette 	
Kva blei bestemt:	
<ul style="list-style-type: none"> - FAU bringer vidare til foreldrekontaktane tips og erfaringar til rekruttering og oppfølging av natteramnordninga. 	
Kven tek ansvar:	
<ul style="list-style-type: none"> - Sekretær og leiar bringer vidare via rektor. 	

22/23-9	<i>Tittel på saka – Eventuelt 1</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:	
<ul style="list-style-type: none"> - Bent H. : korleis er stoda når det gjeld fysiske bøker? 	

- FAU er uroa for om ein for stor del av læringsverktøyet er digitalt, og at elevane har for dårleg tilgang på fysiske bøker – det bør dessutan skrivast meir på papir, både for utvikling av handskrift, og fordi dette gjev betre læring.
- Elevane blir bedt om å google for å finne informasjon og innhente kunnskap. Google er eit kommersielt selskap – dette stiller FAU spørsmål ved.
- Eiga sak på neste møte. Skulen orienterer.

Kva blei bestemt:

- Rektor bes orientere

Kven tek ansvar:

- Leiar kontaktar rektor.

22/23-
10

Eventuelt 2

Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:

- Sigve Meling: Økonomi.
- FAU har kr 36.000 på konto. Kasserar har ikkje oversikt over kvar desse pengane kjem ifrå.
- Treng me pengar, må me søkje.

Kva blei bestemt:

- FAU spelar sak over til rektor – kva er aktuelle saker å søkje pengar til.

Kven tek ansvar:

- Leiar kontaktar rektor.

Neste møte veke 49 – Tidspunkt må passe for elevråd.	<i>DATO og TID</i>
Oppsummering	<i>Sakar som skal følgjast opp neste møte:</i>

Kleppe, 9. november 2022

Ola Sotnakk, sekretær